



Vedteke i føretaksmøte
03.10.2018

Tilleggsdokument til styringsdokument 2018

Helse Bergen HF

1	Innleing.....	2
2	Nye oppdrag til styringsdokument for 2018.....	2
3	Rapportering.....	4

1 Innleiing

Helse Vest RHF viser til styringsdokument for 2018 vedteke i føretaksmøte den 8. mars 2018. Som følgje av mellom anna Stortingets behandling av Prop. 85 S (2017-2018), jf. Innst. 400 S (2017-2018), sender Helse Vest RHF ut eit tilleggskdokument til styringsdokumentet for 2018.

Helse Vest RHF viser også til brev til HF-a dagsett 25.07.2018 med informasjon om tilleggskdokument til oppdragsdokument 2018 frå Helse og omsorgsdepartementet. .

2 Nye oppdrag til styringsdokument for 2018

Til kap. 3 i styringsdokumentet - Helsefaglege styringsmål

3.1 Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga

Pakkeforløp hjerneslag (akutfasen) blei lagt fram i desember 2017, og blir implementert frå 2018.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- sikre at pakkeforløpa blir registrert i hht Helsedirektoratet sitt informasjonsbrev. Helseføretaka bør følgje med på dei registrerte data gjennom norsk hjerneslagregisters digitale løysing¹

3.2 Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling 2018

Helseføretaka skal implementere pakkeforløpa for psykisk helse og rus. Det blir vist til Nasjonal plan for implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus 2018-2020². I samband med dette skal Helse Vest IKT sørge for innføring av nødvendig funksjonalitet i EPJ-systema for mottak av tilvisingar til pakkeforløp, registrering av koder og arbeidsflyt for handsaming av pakkeforløpa.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- gjere følgjande forberedande aktivitetar hausten 2018, slik at det frå 1. januar 2019 er mogleg å ta imot tilvisingar til, og behandle pasientar i pakkeforløp for psykisk helse og rus. Dette inkluderer mellom anna:
 - Sørge for at praksis i spesialisthelsetenesta blir endra i tråd med tilrådingane i pakkeforløpa.
 - Etablere forløpskoordinatorar i spesialisthelsetenesta.
 - Sørge for at rapportering av forløpsinformasjon til Norsk pasientregister (NPR) blir gjort etter gjeldande krav straks IT-løysinga for dette er klar.

¹<https://app.powerbi.com/view?r=eyJrIjoiZjcwZWZhYzMtMDRmMS00ZjVjLTk3ZGIOTUwOWZmMTA2YTM5IiwidCI6ImU3ZTYxZDk0LTg1ZDctNDZhYS1hZWZhLTAzNmJiZjYjZlZSI9>

² <https://helsedirektoratet.no/publikasjoner/nasjonal-plan-for-implementering-av-pakkeforlop-for-psykisk-helse-og-rus-20182020>

- Sørgje for nødvendig opplæring i funksjonalitet i EPJ-systema for mottak av tilvisingar til pakkeforløp, registrering av koder og arbeidsflyt for handsaming av pakkeforløpa.
- Følgje opp «Regional plan for implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus 2018-2020».

Dei regionale helseføretaka skal forberede innføring av betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling frå 2019, jf. oppdragsdokument 2018. Det blir vist til Stortingets behandling 14. juni 2018 av Prop. 88 S (2017-2018) Kommuneproposisjonen 2019, jf. Innst. 393 S (2017-2018). Det vil bli overført midlar frå dei regionale helseføretaka sine basistilskot til kommunane i budsjett 2019. Betalingsplikta skal følgje opphaldskommune, også for somatiske pasientar, frå 2019.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- Bidra med nødvendig informasjonsgrunnlag knytt til utskrivingsklare pasientar innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling som grunnlag for å gjennomføre uttrekk i basisramma til helseføretaka og overføring av midlar til kommunane frå og med 2019.
- Gjere seg kjend med ordninga rundt betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar og etablerer tilfredsstillande rutinar og prosedyrar for å gjennomføre samt følgje opp den nye ordninga.

3.3 Betre kvalitet og pasienttryggleik

Jordmor hos fødande i aktiv fødsel

I styringsdokumentet 2017 blei det stilt krav om at fødande skulle ha ei jordmor hos seg så tidleg som mogleg i den aktive fasen av fødselen, og til fødselen er over. Avvik skulle bli dokumentert i avvikssystemet, og resultata brukt til kvalitetsforbetring. Alle helseføretaka har i Årleg melding 2017 rapportert at dei dokumenterer avvik frå anbefalinga om jordmor til stades, og brukar resultata i eige forbetningsarbeid. Avvika blir dokumentert ulikt, til dømes i ulike system og periodar. Helseføretaka skal rapportere del fødslar der tilrådinga ikkje er følgt opp. Helse- og omsorgsdepartementet har føreslått at det blir gjort ei felles rapportering på dette for alle regionar med tal for 3. tertial 2018. Helse Nord RHF vil koordinere arbeidet med å sikre ein felles rapportering for alle regionar.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- rapportere del fødslar der tilrådinga ikkje er følgt opp. Helse Vest RHF vil kome tilbake til deltaking i det interregionale arbeidet og korleis det skal rapporterast.

Barn og ungdom med erverva hjerneskade

Helse Vest har i 2018 fått tildelt 2,7 mill. kroner til å forbetre behandlingstilbodet til barn og ungdom med erverva hjerneskade. Helse- og omsorgsdepartementet tok imot rapporten *Nasjonale behandlingstilbud for rehabilitering av barn og ungdom med moderat til alvorlig hjerneskade* i april 2018. Dei regionale helseføretaka skal etablere eit samanhengande behandlings- og rehabiliteringsforløp for barn og ungdom med erverva hjerneskadar. Forløpet skal omfatte tidleg-rehabilitering i sjukehus og samarbeid med

heimkommune om vidare rehabilitering, inkludert pedagogisk tilbod. Dei regionale helseføretaka skal vurdere forslaget om bruk av Sunnaas sjukehus for enkelte pasientgrupper, samt vurdere tiltak for kompetansespreiing og organisering av den mest spesialiserte delen av behandlingstilbodet.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- etablere eit samanhengande behandlings- og rehabiliteringsforløp for barn og ungdom med erverva hjerneskader i tråd med rapporten, og delta i eit regionalt arbeid om samordning. Helse Stavanger og Helse Bergen vil få ein sentral rolle i det vidare arbeidet. Helse Vest RHF vil kome tilbake til organisering og koordinering av arbeidet.

Fagleg likeverdige legemiddel

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- fortsette arbeidet med ei ordning for overgang til fagleg likeverdige, men rimelegare legemiddel basert på tilrådingane i rapporten «*Overgang til faglig likeverdige legemidler og tilgrensende oppdrag*». Helseføretaka må samarbeide med Sjukehusapoteka Vest HF i dette arbeidet. Helseføretaka skal gjere greie for status for oppfølginga til Helse Vest RHF innan 26. oktober 2018. Helse Vest RHF skal rapportere vidare til HOD.

ParkinsonNett

ParkinsonNett er etablert som prosjekt i Stavanger og Oslo. Prosjektperioden er utvida til 31. desember 2019 for å sikre ei kvantitativ kartlegging og evaluering av resultata i prosjektet. Helsedirektoratet har fått i oppdrag å forankre resultat og erfaringar i alle regionar, og koordinere opprettinga av ein prosjektorganisasjon som skal gjennomføre ein eventuell nasjonal implementering i 2020-22. Dei regionale helseføretaka skal bidra i arbeidet som Helsedirektoratet leier.

Helse Vest RHF ber Helse Stavanger om å:

- på vegne av Helse Vest RHF bidra inn i arbeidet med oppdraget som er gitt Helsedirektoratet.

3 Rapportering

Det skal rapporterast på alle tilleggskrava i årleg melding for 2018, om ikkje annan svarfrist er oppgitt.

Rapportering skal sendast til postmottaket i Helse Vest RHF på denne e-postadressa: helse@helse-vest.no.